

Brudlaupssong.

Dikta og skriven av Matias Orheim på brudlaupsdagen vår, 23/9. 1917.

Tone: Med Jesus vil eg - -

Å, heil Deg, Jølstragjenta
og gjæve gut frå Seim.
Med hjartans gull i renta
De løyser liv og heim.
"Med baa hender tome",
so segjer mang ein ung,
"me kom frå heimerome,
og fekk oss framtid tung".

Med baa hender fulle sit likevæl De tvo.
For De eig hjartegulle, - - og, syte Dykkar so.
For den som greider bera sitt ungdoms åk med tru,
skal sjølv sitt livsverk æra på trygge framtidsbru.

Du fann ei høg fjellslilje,
Du svein som no sit sæl.
Den reine, fagre vilje,
den må Du vara vøl.
Du fann ein blom ved strandi,
Du møy, som no sit brud.
Korleis han knytte bandi,
det veit han nok, vår Gud.

Og meir De skal få vita. Gå berre hugheilt fram.
På honom kan de lita, og fylja hugnadsam.
Til sæle heimers ære De leggje Dykkar krans.
Og signa so De vere i Herrens heiders glans.